

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Florø, 14.april 2011

Ref: 2010/05024 ME/ME3 HHO:elt

Høyringsfråsegn frå Firdaposten til NOU 2010:14 Lett å komme til orde – vanskelig å bli hørt

Eg viser til departementets høyringsbrev av 17 januar 2011.

Firdaposten

Firdaposten er tredje største avisa i Sogn og Fjordane, og kjem med trykt utgåve tysdag, torsdag og laurdag. Nettavisa firdaposten.no blir kontinuerleg oppdatert med siste nytt. Mediehuset og hovedredaksjonen ligg i kystbyen Florø, og vi dekker kommunene Flora og Bremanger, den første frå hovedredaksjonen, den andre frå eit lokalkontor.

Avisa prioriterer lokalt kulturliv og ungdomsaktivitet. Vi er kystavis og brukar mykje ressursar på å dekke maritim industri, fiskeri- og havbrukssektoren langs kysten.

Vi gir ut ei rekkje temaaviser, som Tempomagasinet, Florevika Båtmesse, SommarFlorø og fiskeriavisa “Eit hav av mulegheiter” i samarbeid med Fjordenes Tidende. I fjor laga vi tre avisutgåver saman med reklamebyrået A til Å i samband med 150-årsjubileumsmarkeringa til Florø.

Avisa blir i hovudsak redigert på nynorsk og er største avis i distriktet.

Firdaposten hadde i 2010 eit opplag på 5,327 årseksemplar, ein tilbakegang på 130 aviser frå året før. Kvar utgåve har 20,991 lesarar i følgje Forbruker & Media 2011/1. Nettavisa har 6,591 lesarar dagleg. I alt les 22,816 Firdaposten på papir, nett, eller begge format.

Folketalet i dekningsområdet:	Folketal
Flora	11 588
Bremanger	3 910
Sum	15 498

Så å sei alle vaksne i dekningsområdet og mange utflytta utanfor, les med andre ord Firdaposten.

Firdaposten vart grunnlagt i 1948.

Firdaposten har dette grunnlaget for journalistikken, fastlagt i vedtektene:

Selskapet har til føremål å gje ut avisa Firdaposten og drive verksemd i samband med dette. Avisa skal drive sakleg og uavhengig journalistikk, tufta på arbeidarrørslas idear og fridom, demokrati og likeverd. Avisa skal redigerast på nynorsk.

Eigar er A-pressen AS.

Firdaposten hadde i 2010 samla inntekter på 21,5 mill.kroner. Av dette var 6,5 mill. kroner inntekter frå abonnement, laussal og sal av pdf-utgåva av avisa. Avisa får produksjonstilskot, fordi opplaget er under 6000:

	2009	2010
Produksjonstilskot	373 945 kr	381 943 kr

Firdaposten har 13 tilsette, av dei er 9 tilsette i redaksjonen. 12 har arbeidsstad Florø, ein er tilsett ved avdelingskontoret i Bremanger.

Firdaposten er med i annonsesamkøyringa Media Vestlandet, med i alt sju aviser. Samkøyringa er viktig for inntektene og annonseinnhaldet i avisa.

Vårt syn på utgreiinga om mediestøtte:

Det er positivt at nesten heile utvalet går inn for å auke produksjonstilskotet. Det er svært viktig for Firdaposten, sidan det finansierer så å seie heile vårt lokalkontor i Bremanger kommune, der vi no møter sterk konkurranse. Utan produksjonstilskotet, måtte vi ha redusert talet på redaksjonelt tilsette. Lokalkontor i Bremanger ville då stå i fare for å bli lagt ned. Det ville føre til ei meir marginal dekning i ein interessant industri og fiskerikommune med relativt mykje folk (om lag 3900 menneske), men med ei svak handelsnæring. Dette gir dei svært tynt grunnlag for kommersiell avisdrift.

Forslaga om å auke produksjonstilskotet med 10 % (fleirmedialitetsalternativet) og 15 % (omfordelingsalternativet), strekk likevel ikkje til i høve til den reelle verdien produksjonstilskotet hadde i 1993. Firdaposten foreslår derfor at budsjetttramma for produksjonstilskot i statsbudsjettet for 2012 blir auka til nivået i 1993, og at stigningstakta frå no blir knytt til prosentvis auke i NRK-lisensen.

Firdaposten er samd i at produksjonstilskotet over statsbudsjettet blir fordelt på ein slik måte at både avisopplaget på papir og den digitale kopien blir rekna med, slik heile utvalet foreslår som strakstiltak.

Når det gjeld framtidig nøkkel for fordeling av produksjonstilskotet mellom avisene, meiner Firdaposten at den må vere den same for store og små aviser. Det ville vere svært uheldig, dersom store og små aviser blir behandla ulikt, slik utvalet foreslår. Truleg er revisorgodkjent betalt opplag på alle format den beste nøkkelen, også i framtida. Men når definisjonane av betalt avisinnhald og netto dekning er tilstrekkeleg klare, kan betaling for avisinnhald og netto dekning truleg vera tenlege. Ein ny, vekta nøkkel må i så fall trappast opp over fleire år, slik at ordninga ikkje blir endra brått frå det eine året til det neste.

Når det gjeld framlegget om avismoms på 8 % i omfordelingsalternativet, vil Firdaposten sterkt frarå dette. Det må vere mykje enklare og betre å støtte aviskjøparane ved å frita aviskjøp for moms, enn å innføre ei støtteordning for mediebedriftene. Firdaposten meiner derfor det er viktig med framleis avgiftsfritak for avis, og meiner dette må utvidast til å omfatte også dei digitale utgåvene av avisa. Når ny teknologi fører til at avisinnhaldet vil bli tilbode for sal stykkevis og delt, krev det ein klar definisjon, som redaksjonen kan etterleve i det daglege.

Firdaposten meiner mange sider ved mediepolitikken har vore svært vellykka, og at den i hovedsak må videreførast, slik fleirmedialitetsalternativet tek til orde for.

Vi meiner også at det må kunne stillast sterkare krav til det faglege nivået til utgjevarane som får pressestøtte. Slik det er i dag, så blir det stilt krav om tal abonnement, frekvens og at ein held seg til redaktørplakaten. Aviser som ikkje arbeider etter normene i ver-
varsam-plakaten bør ikkje ha rett til pressestøtte. Dei faglege krava til pressestøtte kan godt styrkast for å sikre betre kvalitet også på dei minste og ultralokale avisene.

Med helsing
FIRDAPOSTEN AS



Arve Olav Solbakken
Ansvarleg redaktør